

# Hareidsstemna



## Protokoll frå generalforsamling i Hareidsstemna, 11. mars 2014

Til stades:

Hans Otto Øvrelid	Programnemnd, Styremedlem, Hjørungavåg Brass
Dag Brekke	Styreleiar, Melshorn
Ragnhild Strømmegjerde	Styremedlem
Vigdis Riise	regnskapsfører
Sølvi Iren Utgård	Programnemnd
Kjell Arve Østrem	Golj og Gråstein
Torill Eidsvik Nygård	Hjørungavåg Brass
Kari Janne Ringstad	Hareid kammerkor
Arild Grimstad	Grimstadkoret
Oddbjørn Grimstad	Vox Virorum

Møtet vart sett kl 19.00 av styreleiar.

Sak 1	Godkjenning av innkalling, dagsorden og representantar til generalforsamling.
Vedtak:	Innkalling og dagsorden godkjent uten merknader. Alle møtande representantar godkjende.
Sak 2	Val av møteleiar, referent og to til å skrive under protokollen.
Vedtak	Møteleiar: Dag Brekke, referent: Sølvi Iren Utgård, signering av protokoll: Kjell Arve Østrem og Kari Janne Ringstad.
Sak 3	Godkjenning av framlagd rekneskap, budsjett og årsmelding. <i>Økonomisk sammenlikna oversikt fra 2010-2013.</i> Avvik i honorarkostnader i lyd og lys, som har med generell prisstigning. Situasjon er mindre billettpengar og meir sponsormidla. Står oppført kr 0,- i Tono avgifter. Her kjem meir rapportering, og 10-15000 kr er pårekna no i etterkant. Garantibeløp frå Hareid Group, Jets og Sparebanken Møre er med i 2013 rekneskapen. Ungdomskonserten løvvde i 2012. Hadde då meir til neste år. Kleven gav 10 000 til ungdomskonserten og resten til styret. Jets gav til både ungdomskonsert og styret. Fondmidla ,8000 kr fra fylket. I 2013 hadde vi færre sponsorar, men større sum. <b>Innspel:</b> Hovudkonserten; ulike faktorer i ulikheiter i inntekt. Val av dag (torsdag) Dette var dagen Tenorane kunne, men ein mindre gunstig dag for konsert, og evt. for tilreisende. I annonsering og distribusjon; feil i distribusjon av program fra Vikebladet, har difor tilgodsett rekningar.



Billettinntekter høgre pris? Har ikkje auka. Deltakande kor betalt 50 kr. Litt auke i tråd med utgifter for arrangementet.

Hans Otto Brekke, revisor, har godkjent økonomiføring i Hareidsstemna.

Vedtak Rekneskapen godkjend.

**Årsmelding:** 11000 bilder tatt fra kl : 10.15 – kl: 15.25 når hallen var ferdig rigga. Matter og veggdukar hengt opp på førehand. Kan bli sett som film.

Synspunkt: Vidare justeringar av innhald i årsmeldinga.

Samarbeidet med Lydkjelleren.no har gått over en 5 års periode. Dette hevar kvaliteten betydeleg. Erik Valderhaug er kjend og god fagmann på feltet. Dei har erfaringar med hallen over nokre år, og dette er merkbart kvalitetsmessig. Det er viktig at dette vert formidla til dei. Dei gir ein kvalitet vi ønsker å ha.

**Diskusjon:** konsertar, besökende. Nordic Tenors 400 besökende, bra konsert. Ungdomskonserten fekk færre besökende enn forventa.

Forslag om å ta kontakt med Leif Ringstad og Sjøborg arrangement. Dette er vore gjort, og tenkast på vidare. Dialog viktig.

Herøy kulturhus vert aktive framover med arrangement, synspunkt på val av nye artistar for hovud konserten. Større artistar . Fredagskonserten og størrelse på lokala. Dra fordel av store lokale. Utenlandske artistar. Topp violinist David Garret, Nigel Kennedy, Jose Carreras.

**Stemnefesten:** Kontroll med sal av billettar, nettsalg av billettar. Billettar som er solgt, ha gjenpart. Ta inn billettar ved inngangen. Det er vanskeleg å sjå ut frå biletta kva som er solgt. Gode tilbakemeldingar på festen. Høg kvalitet. Fått synspunkt på lite «raud tråd» gjennom festen. Fleire måtar å tenke leiar for festen på. Viktig å spør i tide, og sette samarbeid med regi i system. Diskusjon om nytte og betydning av ansvarleg på regi og koordinering av lydkjelleren og Høgskulen i Volda, medialinja.

**Ungdomskonserten:** ungdomsrådet hadde val av artistar ute til høyring. Kostnader opp mot honorar. Kan det vere 16 års aldersgrense? Og noko for dei yngre unge? Må få med dei unge. Forslag om Grand Prix arrangement som i Spjelkavika.

**Rasofielgarden Vonheim** vil arrangere noko der neste år også. Johannes Klungsøy har ansvar for dette. Osvalds fiolin overtatt, forslag med lokale violinistar som utøvarar på denne.

Ishavsmuseet har fine lokaler også for konsert. Har vore noko nedgang i arrangement der elles.

Hareidsstemna er dugnadsdrive, og alle dreg nytte av dette. Det var litt meir diskusjon rundt betaling frå deltakande kor/korps. Bør kanskje aukast til kr 100,-?

2014 vert markering av Grunnlova. Korleis dette vert markert i stemna ynskjer kultursjefen tilbakemelding på.

Sjå på korleis Hareidsstemna kan søke fylket om offentlige midlar. Fylkeskulturmidlar for Hareidsstemna i heilskap.



---

Sak 5      Velje representantar og vararepresentantar til styret og nemnder.  
Velnemdas innstilling vart lagt fram:

## FORSLAG FRÅ VALNEMDA: 2014

**Styret:**

Hans Otto Øvrelid (stemneleiar)	styremedlem for 2 år
Dag Brekke (styreleiar)	1 år
Grete Nedrelid	2 år
Ragnhild Strømmegjerde	styremedlem for 2 år
Barbro Østrem	1 år

**Vara:**

Marit Kvammen	1 år
Kristine Hareide	1 år

**Programnemd:**

Hans Otto Øvrelid, Sølvi Utgård

**Teknisk:**

Kjell Arve Østrem	1 år
Kjartan Grimstad	1 år
Frank Grimstad	1 år
Ingmar Mork	1 år

**Artistservice:**

Kari Anne Eidsvik	1 år
Torunn Haugen	1 år
Ruth Farstad	1 år
Odd Melhus	1 år
Elisabeth Warpe	1 år

**Økonomi:**

Gry Pilskog Eilertsen	1 år
May-Britt Brandal	1 år

**Revisor:**

Hans Otto Brekke	1 år
------------------	------

**Valnemd:**

Rannveig Frøysa	1 år ( 2015)
Karen Margrete Mork	3 år ( 2017)
XXXXXXXXXXXX (manglar)	2 år ( 2016)

**Styret for Johan H. Grimstads minnefond:**

Jon Kåre Mork	4 år (På valg i 2015)
Steinar Grimstad	4 år (På valg i 2015)



Valnemda 2013, May-Britt Brandal og Rannveig Frøysa

Vedtak: Velnemdas innstilling vedtatt.

---

Sak 8 Avslutning.

Møtet vart avslutta ca kl 21.45

Sølv Iren Utgård

Sølv Iren Utgård  
referent

Kari Janne Ringstad

Kari Janne Ringstad  
sign

Kjell Arve Østrem

Kjell Arve Østrem  
sign